



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 21.06.2016
Vår ref.: 2016/5092-7
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Varsel om oppstart av Områdeplan for Rylandshøgda - Meland kommune

Vi viser til brev datert 27.05.2016 om oppstart av arbeid med områderegulering for Rylandshøgda. Hovudføremålet med reguleringa er bustadføremål. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Areal- og transport

Rossland er eit prioritert senterområde i Meland kommune og i kommuneplanens arealdel er der sett av areal til bustader tett på senterområdet. Dette er positivt og i tråd med regionale mål og nye bustader vil ligge i nærleiken av viktige funksjonar som skule, idrettsanlegg og handel, i tillegg til kollektivhaldeplassar.

Senter- og tettstadsutvikling

Mykje positive signal i oppstartsnotatet som Hordaland fylkeskommune vil vektlegge i vidare planarbeid. Ein vil leggje til rette for møteplassar og ha fokus på sykkelvegar og snarvegar for gåande.

Friluftsliv

Rylandsvassdraget er eit regionalt svært viktig friluftsområdet. Det er positivt av kommunen signaliserer at planarbeidet skal vektlegge tilrettelegging for ålmenn bruk og tilgang til Rylandsvassdraget og ivaretaking av landsskap og friluftsliv. Området langs vassdraget som i kommuneplanen er lagt ut som friområde må gjenspeglast i reguleringsplanen.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Det ligg ein SEFRAK-ruin sør aust i det aktuelle arealet, og det er kjend fleire SEFRAK-bygg i tilstøytande areal til planen.

Den 03.06.2016 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring på staden. Planområdet si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensiale for funn frå steinalder. Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Registreringa vil verte utført ved graving av prøvestikk med spade og ved overflate registrering. Prøvestikk er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført. Arbeidsomfangen er estimert til to veker i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skriving av rapport. Kostnadsramma for den arkeologiske registreringa er sett til 163 550, - (sjå vedlegg). Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturert for medgått tid.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om ei skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, ressursnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg.

Då planen har areal i vatn/vassdrag har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringsa.

Samferdsel

Vegstandarden i området er varierande, og i det vidare arbeidet er det viktig å fokusere på tilhøva for mjuke trafikantar. Kommunen legg opp til å samle dagens private utkøyrslar til nye oversikteleg og trygge kryss/utkøyrslar. Det å redusere talet på utkøyrslar er eit viktig tiltak for å betre trafikktryggleiken. Vi ser det difor som svært viktig at kommunen i den vidare planprosessen arbeider for å redusere talet på utkøyrslar generelt og særskilt ut mot Fv 564. Vidare må forholda for gåande og syklande utgreiaast nærmare og styrkast. Dette gjeld særleg nær dei områda som barn og unge ferdast til, slik som skole og idrettsanlegget. Hordaland fylkeskommune legg og til grunn at det må vere trafikksikker tilgang til haldeplassane ved fylkesvegen. Dette kan skje ved å etablere effektive snarveger frå bustadområdet.

Utbetringar av vegstandard på Fv 564 på strekninga Fløksand – Vikabø er prioritert i Plan- og byggeprogrammet for 2016.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på senter- og tettstadsutvikling, friluftsliv og landskap, kulturmiljø og samferdsel.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering - områdeplan for Rylandshøgda - Meland kommune

Saksbehandlarar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REGIONALAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Gunnhild Raddum, transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA